

Møteprotokoll

Kontaktutval for innvandrere og flyktingar



Møtedato: 26.05.2025 Tid: 18 -1930

Møtestad: Stord mottaksenter

Møteleiar: Awa Rahimpour

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Varamedlem for
------	----------	-------	----------------

Awa Rahimpour

Simone Ziegler Strauss

Leif Steinar Alvsvåg

KrF

Guro Betten

Sara Brosvik

KrF

Merknad i møte

Forfall:

Anne Kristin Aaseth

H

Guro Betten

V

Alaa Al Shaer

Stord, 10.06.25

Sara Brosvik

Teknisk møtesekretær

Det hadde vore arrangert målarkurs i lokala me skulle nytte denne ettermiddagen, første samling av fleire frametter, med mål om felles kunstutstilling ved mottaka på Stord, Bømlo og Bergen.

Arrangementet finn stad i Bergen i juni.

Orientering ved Awa om *Kontaktutval for innvandrarak og flyktingar* si rolle, og hensikta med besøket; å sikre formidling av kunnskap om og status for innvandrarak og flyktingar i lokalsamfunnet.

Invitasjon til dialogutveksling:

Det møtte opp 11 personar som idag bur på mottaket. Tilsett representant var også invitert, men hadde ikkje høve til å stille. Dei framførte har budd på mottaket i ulik lengde, den lengste i 14 år og den med kortast tid i 3 veker. Det er mange språk representert og ein finn at ikkje alle kan eit og same språk. Dermed blir det snakka både norsk og engelsk i plenum, nokre kan same språk og kan bistå med oversetjing og nokre forsøker oversetjing via app på mobilen.

Det blir formidla at det er krevjande å bu på mottaket når ein ikkje veit kor lenge ein skal bu der og at prosessane og tidsperspektivet er så ulikt for den enkelte. Bebruarane lurar på kvifor dei må vente så lenge på å få bustad i kommunen, medan andre flyktingar frå Ukraina blir busette med ein gong, samstundes som kommunen seier at dei ikkje har plass eller ledige bustader.

Spørsmål: Har Stord kommune ein flyktingekoordinator? Stord kommune har Flyktingeteneste gjennom Nav Stord.

Det blir formidla litt informasjon kring korleis mottaket er bygd opp med avdeling for familiar og for einslege. Einslege kvinner deler leilighet 3 stykk.

Det kjem spørsmål om kvifor ikkje alle får språkopplæring, men blir svart ut og ser ut til å omhandle for kort tidsaspekt – det tek litt tid frå ein ankjem til ein er i gong med språkkurs og ein har rett på norskkurs når ein blir busett.

Det blir formidla at det i dag er om lag 50born på mottaket. Det blir etterspurt aktivitetar for barn gjennom sommeren når det er skuleferie.

Det blir stilt spørsmål om dei mottek informasjon frå Norsk Folkehjelp og Røde kors? Det blir bekrefta at dei mottek informasjon. Det blir også sagt at det blir gitt noko aktivitetstilbod, men at det ikkje er rom for at alle kan delta samstundes.

Dei einslege er representerte og formidlar at dei opplever at det er lite aktivitetstilbod for deira gruppe. Det var tidligare mulighet for deltaking for ein låg sum på eit treningscenter, dette tilbodet er ikkje tilgjengeleg lengre. Får inntrykk av at dette var eit delfinansiert tilbod med eksterne midlar. Mottaket har eit treningsrom, men dei framførte viser til liten plass og ønske om nyare og meir utstyr. Det blir etterspurt aktivitetsdeltaking som fotball, dans, symjing eller fjelltur.

Det blir orientert om språkcafeen som blir arrangert 1 dag i veka annakvar veke frå kl. 12.30-13.30, fleire av dei framførte har delteke der. Vidare blir det informert om IKK si dansegruppe, samt dans på Leirvikstova. Det er også eit tilbod på Leirvikstova fredagar frå 15.30. Mange er kjent med at ein kan få tekstmelding med informasjon om tilboda på Leirvikstova.

Det blir etterspurt sykkelutleige.

Det blir informert om BUA og vist til nettsida for ytterlegare informasjon.

Det blir gitt ei kort orientering om området og bygningane til slutt.

Utvalet ønskjer å kontakte dei ansatte på mottaket for vidare dialog der også representantar frå bebuarane deltek.